



Blom Fiskeoppdrett AS

Mellombels løyve til utslepp for matfiskeoppdrett av laks og aure for Blom Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Kjepevikholmen i Meland kommune

Blom Fiskeoppdrett AS får mellombels løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 2.340 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Kjepevikholmen i Meland kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet er gjort mellombels for ein periode på 2,5 år, eller for gjennomføring av ein generasjon etter flytting av anlegget til ny lokalisering. Løyvet kan bli forlenga når det kan dokumenterast at lokaliteten har bæreevne for denne produksjonen.

Lokaliteten Kjepevikholmen er blitt forureina med kopar og Blom Fiskeoppdrett AS må syne at dei gjer endringar i driftsrutinar og/eller utstyr som vil redusere desse utsleppa.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS av 2. juni 2015 som vart vidaresendt frå Hordaland fylkeskommune den 3. juni 2015, med ettersending av kommunalt vedtak den 31. august 2015. Kommunen har ikkje eigne merknader til søknaden, men det kom merknader til søknaden i samband med offentleg ettersyn.

Verksemnda søker om løyve til flytting av anlegget utan auke i produksjon.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå ordinær reingjering av produksjonsutstyr og medisinerings av fisk. Pr dato finst det ikkje eigne retningslinjer for dosering av lusemiddel og oppdrettar må kunne rekne med endringar i regelverket. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld endra arealbruk som følgje av utskifting av anlegg frå stålanlegg til plastringsanlegg samt flytting av anlegget slik at det blir plassert innafør areal som opphavleg var sett av til akvakultur.

Tilhøvet til plan

Anlegget blir liggjande innafør areal som er sett av til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Meland kommune har ingen merknader til søknaden.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Denne søknaden gjeld flytting av anlegg utan auke i produksjon. Flyttinga blir vurdert som å ikkje føre til endring i påverknad på bestandar av anadrom fisk.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Sjøområdet som resipient

Lokaliteten er plassert i nordre Herdlefjorden (referanse 0261030300-3-C i Vann-Nett) som har god økologisk tilstand. Herdlefjorden er ei forlenging av Byfjorden mot nordvest, og har ein grunn terskel på 15 m ved Herdla. Herdlefjorden har ikkje terskel mot Byfjorden, men Byfjorden har tersklar ved Askøy (120 m) og Fensfjorden (37 m).


Terskelfjordane vår er særmerkte ved at utskiftinga av djupvatn er svakare enn lenger ute mot kysten i opnare farvatn. Det syner seg att på svakare botnstraum og at lokalitetane har lågare kapasitet for omsetnad av sedimenterende organisk materiale.

Straummålinga på Kjeppvikholmen syner at det er svak botnstraum på lokaliteten (3 cm/sek målt med dopplermåler). Straumen på lokaliteten er svært lite retningsstabil, med ein Neumann parameter på 0,05.


MOM B-granskingane i 2014 og 2015 synte uakseptabel miljøtilstand på lokaliteten, tilstandsklasse 4. Det var fråvær av botngravande fauna i sedimentet under anlegget. Granskinga i desember 2014 ga ei skåre på 3,7 på B1-skjema. 4 månader seinare vart det

gjort ei utvida MOM B-gransking. Denne ga skåren 3,8 på B1-skjema. Vi må her leggje til at vi har korrigert utrekninga for å gjelde dei 10 prøvepunkta som skal vere med i utrekning av skåre på MOM B-granskinga, jf. NS 9410. Det hadde då vore produksjon i anlegget heilt fram til den siste MOM B-granskinga, så det var ikkje å forvente at lokaliteten hadde restituert seg. Det var ikkje funne botngravande fauna i nokon av grabbskota.

Figur 1: Resultat av MOM B-granskingane på Kjeppvikholmen. Siste gransking er frå april 2015 og ga skåre 3,24.



Den utvida MOM B-granskinga synte og at det var høge koparkonsentrasjonar under anlegget, med eit snitt på 215 mg Cu/kg sediment, svarande til tilstandsklasse IV – dårleg. Vi har erfaring frå andre lokalitetar til å konkludere med at slike høge koparkonsentrasjonar under eit anlegg kjem frå koparimpregneringa i nøtene, og at hyppig høgtrykksspyling av nøtene fører til at ein større del av denne impregneringa hamnar i sedimentet like under merdane.



Figur 2: Flytting av anlegg og overgang til plastringanlegg på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland. Eksisterande stålanlegg til vestre, plassering av nytt plastringsanlegg til høgre.

Flytting av anlegget på Kjeppvikholmen vil føre anlegget noko lenger ut i fjorden, ut på djupare vatn og lenger frå land. Søkjar argumenterer for at det vil føre til betre miljøtilstand under merdane. Det er plausibelt å tru at det vil kunne skje, men samstundes er det faktorar som kan føre til motsett resultat. I ein terskelfjord er det svakare straum på større djupner, og sedimentet her vil difor ha dårlegare kapasitet for omsetnad av organisk materiale. Overgang til eit plastringsanlegg som dekkjer eit større areal kan føre til betre skåre på neste MOM B-gransking. Oppfølging med MOM B granskingar på neste utsett vil gje svar på om denne flyttinga fører til betre miljøtilstand under anlegget.

Utslepp frå anlegget

Det har vore fleire klagar på utslepp frå anlegget. Naboklagar var eit tema på tilsynet 1. oktober 2014. I samband med i offentleg ettersyn av denne søknaden, kom det merknad frå nabo med klage på at det er ein del feittflyt i fjøra. Dette var dokumentert med foto.

I liknande saker tidlegare er Fylkesmannen kjend med at særleg regnbogeaure kan føre til utslepp av feitt, eit resultat av at fisken «gulpar» opp att utfordøyd feitt. Vind og straum fører dette inn til strandsona tett attmed. Blom fiskeoppdrett må lage ein plan for korleis redusere desse utsleppa.

Støy

Busetnaden i området kring lokaliteten Kjeppvikholmen er hovudsakleg fritidsbustader. Avstanden frå flåten til dei næraste fritidsbustadene er kring 450 m. Omsyn til naboar føreset at det er støydempende tiltak på oppdrettsanlegget.

Utslepp av kjemikal

Utsleppsløynet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum og miljøverknadene av utslepp av organisk materiale blir følgt opp med MOM – granskingar. I nyare tid har det kome fram at oppdrettsnæringa har hatt ei sterk auke i forbruket av kjemikal knytt til avlusing og notimpregnering. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av desse stoffa verkar på miljøet. Vi viser her til forureiningslova § 7 og internkontrollforskrifta § 5 punkt 6. Av desse følgjer det at alle utslepp skal risikovurderast, og mogleg konsekvens av utsleppa skal vurderast og dokumenterast.

På lokaliteten Kjeppvikholmen er det påvist at botnen under anlegget er sterkt forureina av kopar. Det kan vere ein samanheng mellom høge koparverdiar i sedimentet og fråvær av botngravande fauna. Flytting av lokaliteten skal vere for eit langsiktig perspektiv, og det er difor viktig at Blom Fiskeoppdrett AS gjer endringar i bruk at koparimpregnerte nøter og høgtrykksspyling av desse som sikrar lågare utslepp av kopar. Målet må vere å unngå forureining av botnen etter flyttinga.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med matfiskanlegget på lokaliteten Kjeppvikholmen.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og MOM-B- granskingar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at påverknad på miljøet skal bli endra til det verre ved å flytte på anlegget på Kjeppvikholmen. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten Herdlefjorden blir uendra (naturmangfaldlova § 10), då dette tiltaket ikkje skal føre til produksjonsauke.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf naturmangfaldlova § 11.

Blom Fiskeoppdrett AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Konklusjon

Miljøpåverknaden på lokaliteten Kjeppvikholmen har ikkje vore i samsvar med dei krava som vert stilte til berekraftig bruk av lokalitetar. Ved MOM B-undersøkinga i desember 2014 og april 2015 var det ikkje botngravande dyr i nokre av dei 10 grabbskota. Vi vurderer det slik at den planlagde flyttinga kan gi betre driftstilhøve, men det er ein føresetnad at neste MOM B-undersøking tatt på biomassetoppen syner at det er forsvarleg å ha så såpass stor produksjon på lokaliteten. Løyvet vert difor gjeve mellombels med mogleg forlenging når MOM-undersøkingane syner at det er forsvarleg og at drifta på lokaliteten er innafør bæreevna.

Verksemnda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B- og MOM C-granskingar etter frekvens fastsett av NS 9410 etter revisjon i 2015. Verksemnda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemnda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemnda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemnda skal betale 21.000 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritenk ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utsleppsløyvet (vedlegg 1)
 Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL